

Næringsliv

Bygdebutikk-drivarane ser nye moglegheiter i eldrebølgja



Merkur-konsulent Atle Stalheim leia møtet for butikkdrivarane i utkantbutikkane. Foto: Arve Olav Førde Solbakken

Av [Arve Olav Solbakken](#)

Oppdatert: 19.10.25 10:35
Publisert: 18.10.25 12:01

 Del


– Vi ser no på om helseberedskap i møte med eldrebølgja kan bli eit nytt forretningsområde for lokalbutikkane.

Det fortalde fagdirektør Steinar Fredheim i [Distriktssenteret](#) på Merkur-konferansen for utkantbutikkane i Florø torsdag 16. oktober. Han viser til at desse småskalaverksemdene har fått ei ny og viktigare rolle i takt med at skular og grendehus har blitt lagt ned. Kvar av desse butikkane har kring ti tilleggstenester for å få økonomihjula til å spinne år etter år.

Eldrebølga

– Dei tre mest vanlege tilleggstenestene er post i butikk, drivstoffleveransar og tipping. Dette er tenester som lett kan forsvinne i framtida. Derfor vurderer vi å utvikle nye tilbod. Vi ser at kommunane kjem til å få stadig større utfordringar med å yte helsetenester til ei aldrande befolkning. Kommunane vil måtte tilsette ei meningslaus mengde helsearbeidarar for å fortsette å levere på samme måten som i dag. Då må dei enten sentralisere og flytte brukarane inn til sentrum i kommunen eller å satse endå sterkare på å la folk bu heime så lenge som mogleg. Då ser vi på kva rolle butikkane kan ha i å utføre tenester innan helse og omsorg som ein ikkje treng formell helsefagleg utdanning for å utføre.

ANNONSE



– Kva tenester då?

– Kva treng eg som ein eldre person på heimplassen sin? Jau, eg treng at nokon ser etter at eg er frisk og får i meg næringsrik mat eller at eg treng nokon som har tid å prate med meg eller skifte ei lypære.

Vidareutvikling

Dagleg leiar Lisa Myklebust i Svanøy Handel bidreg også med døme:

– Det kan vere å sjekke og vedlikehalde medisindosettar. Dersom ein person ser ut til å leve på kjeks og kanelgiflar, kan du seie at ; no treng du å få i deg noko sunn mat.



SOSIALE SAMLINGSPUNKT: Hans Jakob Sunde i Rognaldsvåg, Lisa Myklebust i Svanøybukt, Hildur Kristi Horne Sørдал i Stavang og Tone Garmager på Fanøy i Batalden er alle butikkdrivarar i området rundt Florø. Den femte, Magne Svardahl var ikkje tilstades, sidan han var på farten med postbåten sin. Foto: Arve Olav Førde Solbakken

I botn ligg det at dette er ei teneste som må utviklast i samspel og samarbeid med kommunen.

– Dette kan butikk-verksemda ikkje gjere av rein veldedigheit. Det må vere eit nytt forretningsområde som kan bidra til å halde opp butikken som senter i lokalmiljøet, samstundes som kommunen sparer pengar og at dei eldre kan bu lenger på heimplassen.

ANNONSE



Ideane er å finne i prosjektet «Merkur Nær Deg», som er eit samarbeid mellom Merkur og Vest-Telemark kommune. Dette er ei kommunen som den same demografiske utfordringa som dei fleste andre utkantkommunar. Med dei avtalene Merkur-butikkane rundt Florø har som kommunale servicepunkt, vil det vere naturleg å sjå om det kan vidareutviklast.

[Historikken bak Merkurprogrammet.](#)

Næringsliv

Merkur-programmet

Lokalbutikk

Distrikts-Norge